



LYNGHEIM PÅ OS: Lemstova på Lyngheim er reist i samarbeid med Os kommune og eksterne sponsorar. Uteområdet er rusta opp, og det er brukt over ein halv million på dette prosjektet det siste året.



PÅ EKSKURSJON: Gruppibilete av alle delegatane utanfor Lyngheim på Os.



FEKK GÅVE: Kjell Magnus Økland (t.v.) tok imot eit par tresko i gåve frå Mikal Heldal etter foredraget. – Du kan jo nytta dei dersom du skulle kol-segla ein gong, var helsinga frå Mikal.

vestlandshuset var røykstova omkransa og gjerne saman, bygd med andre naudsynte brukshus eller rom, ein byggeskikk som ein har funne prov på heilt frå middelalderen og fram midt på 1940-talet.

Etter krigen skjedde det ein slags fagleg revolusjon innan husbygging i Norge, ved at mange Amerikafararar kom heim og tok med seg den amerikanske byggjemåten med enklare dimensjonering av reisverk og byggjemåte. Ein byggjemåte som blant arkitekteliten ofte blir kalla «two by four». «2X4» tommer. Ein reisverkdimensjon som er velkjent blant fagfolk og alle hobbysnikkarar.

#### Fleire tysnesingar på årsmøtet

Tysnesingen Mikal Heldal sa frå seg attval på årsmøtet, og ny leiar vart Knut Farestveit frå Voss sogelag. Mikal Heldal har vore leiar dei siste åra, og held no fram som medlem av styret. Han er også medlem av styret i Landslaget

for Lokalhistorie.

I tillegg til leiar i Tysnes sogelag Jan Økland, var Marit Frøyseth Sæløen utsending på årsmøtet.

– Det var veldig spennande foredrag og ekskursjonar. Eg trefte att folk frå i fjor då årsmøtet var i Hardanger, og spesielt hyggeleg er det at mannen min hadde høve til å vera med på årsmøtet, fortalde ho.

Elles vedtok årsmøtet ein liten auke i medlemspengar for sogelaga som er basert på medlemstalet i dei enkelte laga. Årsmeldinga viser ein sunn økonomi, men målet er å få oppretta eit sekretariat med ein tilsett som kan bidra med endå betre service og oppfølging og støtte til alle medlemslaga. På nettsida, hordalandsogelag.no, kan ein lesa om aukande besøkstal også i år med om lag 8400 unike besøk.

KAARE M. MALKENES

## Gamle, gode The Waterboys til Tysnesfest

Legendene i The Waterboys er klare for Tysnesfest! Torsdag 13. juli står dei på scenen på Gjerstad.

– Alle burde unna seg konserten med The Waterboys. Dei er levande legender, som har inspirert ein heil generasjon av musikarar. Me er veldig stolte av denne bookinga, seier dagleg leiar i Tysnesfest, Øystein Vaage.

Han reknar med at dette blir ei oppleving som svært mange vil setja stor pris på.

– The Waterboys har alltid vore eit utmerka live-band, legg han til.

Bandet sin største hit var «The Whole of the Moon» som kom ut i 1985.

– Etter det tredje albumet, «This is the Sea», segla The Waterboys opp som bandet som kunne vippe sjølvaste U2 av trona som det verkeleg store bandet i Storbritannia, forklarar han.

På Tysnesfest kan publikum rekna med å få høyra dei legendariske slagerane «The Whole of the Moon», «An Appointment with Mr. Yeats», «Modern Blues» og ikkje minst «Fisherman's Blues», ein av deira aller største hitar.

Bandet har dei seinare åra



TIL TYSNESFEST: The Waterboys opptre på scenen på Gjerstad torsdag 13. juli (pressefoto).

blitt covra av andre artistar, til dømes er den populære Ellie Goulding-hiten «How Long Will I Love you» ein Waterboys-låt.

The Waterboys ble danna i 1983 av Mike Scott, tidlegare medlem av gruppa Another Pretty Face. Mike Scott har heile tida vore kjernen i bandet og The Waterboys si historie er eigentleg Mike Scott si musikalske reise gjennom ulike landskap, både musikalsk og geografisk, der ulike musikarar har bidrege i korte og lengre tid. Reisa gjekk både via Skottland, Irland, England

og USA og musikalsk via sjangerar som Big Music, Rock and Roll, Keltisk Folk Music og Folkrock.

Mike Scott sitt store mål har vore at dei ikkje skal vera repetitive. Mengda skiftande bandmedlemar har og ført til stadig nye versjonar og nyanisar i lydiletet, kor spelelister og låtar er i konstant endring, akkurat slik som The Waterboys sjølv.

OLE SKATEN  
ole@tysnesbladet.no

## Turbonegro avsluttar fredagen

Det blir knallhard punkrock på Gjerstad når sjølvaste Turbonegro går på scenen fredag 14. juli.

Dette vert fyrste gongen «denim-demonane» vitjar Tysnesfest. Kanskje vert det også den hardaste rockemusikken som nokosinne har ljoma frå scenane på Gjerstad Arena.

Turbonegro er eit norsk hardrock/punk-band frå Nesodden, Akershus. Bandet blei danna så langt tilbake som i 1989. Dei dreiv lenge som eit undergrunnsband, og midt på 90-talet vart dei også store i Europa. Lenge blei det sagt at dette var Norges beste liveband – med ein sveitt og «steintøff» stil på scenen.

#### Opplyst og gjenforent

Under Europa-turneen i 1998 fekk frontfigur Hans-Erik Dyvik Husby, betre kjent som Hank von Helvete, samanbrot og bandet vart oppløyst.

I 2002 vart dei gjenforent, og i 2003 gjekk singelen «Fuck The World» frå albumet Scandinavian Leather rett til topps på hitlistene i Norge. For dette albumet vann dei Spelemannsprisen 2003 i klassen rock og Alarmprisen 2004 i same klasse.

Dei har og vunne klassen for beste liveband under Alarmprisen 2003 og Alarmprisen 2004, og Gammleng-prisen i klassen rock i 2006.



SKAL ROCKA PÅ GJERSTAD: Fredag 14. juli speler Turbonegro på Tysnesfest for fyrste gong. (Foto: Raymond Mosken)

#### Fekk ny vokalist

I juli 2010 blei det kjent at Hans-Erik Dyvik Husby gav seg i bandet, 17 år etter han blei med som vokalist. Sommaren 2011 kom bandet tilbake med Tony Sylvester som vokalist under ei «Turbojugend»-tilstelling i Hamburg, og året etter gav dei ut albumet «Sexual Harassment».

Turbonegro består i dag av Tony Sylvester (vokal), Thomas Seltzer (bass), Knut Schreiner (gitar), Rune Grønn (gitar), Tommy Akerholdt (trommer) og Haakon-Marius Pettersen (keyboard).

Deira mest populære låt, «All My Friends Are Dead», er strøyma rett under åtte millionar gonger på Spotify.

#### Programmet tek form

Til no er fylgjande artistar lansert til årets festival:

Alan Walker, Highasakite, Amy Macdonald (UK), Turbonegro, Sivert Høyem, Astrid S, Staysman&Lazz + Katastrofe, deLillos, Kim Larsen, Storm Weather Shanty Choir, Janove, Cezinando, Vamp, Lothepus, Vazelina Bilopphøggers, Sigvart Dagsland og Karoline Krüger, Sophie Elise-Vegard Harm og Joakim Kleven, Gunslingers, Ausekarane, Familieforetaket og De Musikalske Dvergene.

CAMILLA KORSNES  
camilla@tysnesbladet.no